

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Arbeidsutvalet vil ha eit ekstramøte i desember for å fastsetja programmet for Temadag og opplæring av dei kommunale råda 22.-23. februar 2016. AU finn møtedag i samarbeid med administrasjonen.

Arbeidsutvalet tek sikte på å ta ein ringjerunde til leiarane i dei nye kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne når dei nye råda er på plass.

RMNF ynskjer ei orientering om den formelle saksgangen i fylkeskommunen og kva saker som skal/kan gå til RMNF.

Det vart stilt spørsmål om oppretting av ei facebookgruppe for medlemmene i RMNF. Dette vert å koma tilbake til i seinare møte